



DET KONGELIGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

Statsråden

Servicesenteret for departementa  
Postboks 8129 Dep  
0032 Oslo

Deres referanse

Vår referanse  
200803365

Dato

## STATSBUDSJETTET 2009 – TILDELINGSBREV

Det vert vist til Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 1 (2008-2009), jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009). Med bakgrunn i dette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet som gir dei økonomiske rammene og fullmaktene for Servicesenteret for departementa (DSS) i 2009 og fastset overordna prioriteringar, mål og resultatkrav, samt krav til rapportering.

### 1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

#### 1.1 Budsjettildeling

##### 1.1.1 Rammer

Utgifter:

Servicesenteret for departementa er tildelt 455,932 mill. kroner fordelt på følgjande kapittel og postar i 2009:

#### Kap. 1522 Servicesenteret for departementa

Post	Nemning	(i 1000 kr) Budsjett 2009
01	Driftsutgifter	339 366
22	Fellesutgifter for R-kvartalet	80 512
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	36 054
	Sum kap. 1522	455 932

### Inntekter

Det vert føresett at Servicesenteret for departementa skal føre til inntekt **90,887 mill. kroner** fordelt på følgjande kapittel og postar i 2009:

#### **Kap. 4522 Servicesenteret for departementa**

		<i>(i 1000 kr)</i>
<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
02	Diverse inntekter	2 578
06	Brukarfinansierte tenester	86 833
07	Parkeringsinntekter	1 476
	Sum kap. 4522	90 887

#### **1.1.2 Budsjettmessige føresetnader**

Servicesenteret for departementa har ansvar for å planleggje verksemda i 2009 slik at måla kan verte nådde innanfor rammene av dei løyvingane som er gitt i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 4. Departementet strekar under at verksemda ikkje må pådra seg utgifter utan at det er budsjettmessig dekning. Dersom det kjem opp problem med økonomistyringa, skal DSS setje i verk tiltak slik at det ikkje vert trong for å auke løyvinga.

#### **1.2 Fullmakter**

DSS har fullmakt til å overskride løyvinga under kap.1522 post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap.4522 postane 02 og 06, jf. romartalsvedtak II i St.prp. nr.1 (2008-2009).

Den inntektsfinansierte aktiviteten må liggje innanfor det som er verksemda sine mål, oppgåver og rammevilkår, og ikkje skape bindingar til å oppretthalde eit høgare aktivitetsnivå enn det som vert dekt av utgiftsløyvinga dersom meirinntekta fell bort.

Andre økonomiske og administrative fullmakter går fram av vedlegg 1.

## **2. FØREMÅL, UTFORDRINGAR OG RESULTATKRAV**

### **2.1 Føremål**

Det overordna målet til Servicesenteret for departementa er å levere føremålstenlege og kostnadseffektive fellestenester til Statsministerens kontor og departementa.

Føremålet med verksemda er at fellestenester

- Sikrar effektiv ressursbruk
- Har god kvalitet
- Gjev tilfredse brukarar

DSS skal inneha god fagleg kompetanse på tenesteområda og gje god brukarservice. Forholdet mellom departementa og DSS er regulert i tenesteavtalar med tilhøyrande beskrivingar som syner tenesteinnhald og servicenivå.

DSS skal samarbeide med departementa og involvere brukarane gjennom råd og fora som er oppretta. Dagens styringsmodell krev samhandling mellom dei ulike fora og Brukarrådet, og DSS har et særskild ansvar for at dette fungerer godt.

## ***2.2 Utfordringar***

Ei viktig utfordring for DSS i det vidare arbeidet er å styrkje fellestenestene og samstundes oppnå lågast mogeleg ressursbruk.

Departementet vil peike på fire sentrale oppgåver som er viktige dei næraste åra:

- DSS skal heile tida ha fokus på utvikling av nye elektroniske verktøy og trong for å skifte ut dagens løysingar.
- DSS skal vidareutvikle regjeringa.no i samsvar med strategi og vedtekne prioriteringar.
- I tillegg til å fullføre IKT- prosjektet skal DSS etablere retningslinjer for å sikra sentral IKT- drift og tryggningsnivået i IKT-nettet.
- DSS skal innarbeide samfunns- og miljøomsyn i eigne innkjøp, jf. miljøkriteria ved offentlege innkjøp, samt at miljøomsyn i ulike delar av organisasjonen vert sett i samanheng.

På den administrative sida er det viktig å utvikle DSS vidare som ein profesjonell støtte og partner for departementa med omsyn til utgreiingskompetanse og prosjektstyring. DSS skal sørge for god koordinering på tvers av sine avdelingar og tenesteområde, slik at brukarane får mest mogleg samla sakshandsaming av sine saker. Det er særskilt viktig at utviklingssaker som vedkjem IKT på ulikt vis, blir sett i samanheng internt i DSS.

Departementet sitt prosjekt for utvikling av strategi for fellestenester i departementsfellesskapen, med tilhørande gjennomgang av økonomien i DSS, vil krevje oppfølging og deltaking frå DSS i 2009.

## ***2.3 Resultatkrav***

Servicesenteret for departementa er organisert slik at tenesteleveransane er delte inn i fem hovudområde: IKT, sikring og trygging, kontortenester, informasjonsforvaltning og fellestenester.

Med utgangspunkt i løyvingane som vert stilte til disposisjon, delegerte fullmakter og prioriteringar slik dei kjem fram i dette tildelingsbrevet, fastset FAD følgjande resultatkrav innan dei ulike tenesteområda i 2009:

### 2.3.1 IKT

<b>IKT</b>	
DSS skal levere hensiktsmessige og kostnadseffektive tenester innan IKT, inkludert basis infrastruktur for datanettverk og telefoni, til Statsministerens kontor og departementa. DSS skal tilby IKT-løysingar som så langt det er mogleg byggjer på opne standardar og fri programvare. Det er viktig at IKT drifta er stabil og at krav om oppetid i tenestebeskrivingane vert overhaldd. Det er òg viktig at brukarane får rask og effektiv hjelp frå brukarstøtta i samsvar med tenestebeskrivinga.	
<b>Resultatkrav</b>	<b>Rapportering</b>
<b>Strategi for IKT i departementsfellesskapen</b>	
DSS skal starte utforminga av ein strategi for basistjenester innan IKT. IKT- strategien må utviklast som eit ledd i den strategien for fellestjenester som FAD vil utarbeide i 2009, og må sjåast i samanheng med utviklinga av IKT- verkty som vert nytta i departementa og i DSS.	Arbeidet skal starte seinast i andre halvår 2009. DDSS skal orientere departementet ved oppstart.
<b>IKT-sikkerheit</b>	
FAD viser til løyvinga i RNB 2008 og føreset at DSS gjer naudsynte investeringar, og jamt overvaker tryggleiken og grip inn med tiltak slik at tryggningsnivået heile tida er tilfredsstillande. Vidare skal DSS etablere ein sameint tryggningspolitikk for IKT-nettet som DSS har ansvaret for.	Status skal rapporterast tertialt.
<b>Brukarstøtte – IT- og teletenester</b>	
DSS skal sikre rask sakshandsaming av saker som vert meldt inn til DSS sin brukarstøtte. DSS har særleg ansvar for å løyse saker som har innverknad på kritiske funksjonar i departementa. Vidare må DSS sørge for at òg sakshandsamare i departementa får effektiv hjelp og problemløysing.	Status skal rapporterast tertialt.

<b>Ny telefonsentral</b>	
<p>Departementet føreset at DSS tar i bruk den nye telefonsentralen i 2009. Overgangen frå gammal til ny sentral må ikkje føre til merkbare brot i telefontenesta for departementa. DSS må sørge for naudsynt opplæring i samband med dette, slik at departementa på ein god måte vert sett i stand til å nytte nye funksjonar, som følgjer med den nye sentralen.</p>	Status skal rapporterast tertialt.

### ***2.3.2 Sikring og trygging***

<b>Sikring og trygging</b>	
<p>Hovudføremålet med fellessikringa er å hindre uønska tilgang til og uønska hendingar knytt til verksemd med kritiske funksjonar og skjermingsverdige objekt i samsvar med S-lova, samt å ivareta trygging for tilsette og besøkande. Felles sikringstiltak skal planleggast og gjennomførast basert på sannsynleg utfall og konsekvensar. Iverksettinga av permanente tiltak skal i minst mogleg grad virke på normal drift.</p> <p>Prioritering av tiltak for iverksetting må sikre optimal ressursutnytting. Tiltaka må innrettast og settast saman på ein slik måte at dei ikkje verkar mot kvarandre. Det skal fortløpande vurderast om tiltak som ikkje lenger er naudsynt, kan fasast ut eller erstattast med nye.</p>	
<b>Resultatkrav</b>	<b>Rapportering</b>
<b>Nytt sikringsanlegg</b>	
DSS skal installere eit nytt sikringsanlegg og tilgangskontrollsystem i samsvar med etablert framdriftsplan.	Status skal rapporterast tertialt.
<b>Utvikling av planverk</b>	
DSS skal vidareutvikla det operative innhaldet i planverk for "Egenbeskyttelse mot terror".	Status skal rapporterast tertialt.
<b>Utvikling av rapporter</b>	
Føremålstenleg rapportering skal opprettast i nært samarbeid mellom DSS og FAD.	Status skal rapporterast tertialt.

<p>Rapporteringa skal innehalde følgjande emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygging generelt i forholdet til gjeldande trusselsituasjon</li> <li>• Hendingar som gjeldtryggleiken</li> <li>• Avviksrapportering og driftsstatistikk for sikringsanlegga:</li> </ul> <p>Det vil seia statistikk over lokale driftsavbrot for tilgangskontrollsystem, alarmsystem, TV-overvakningssystem, FDV- system.</p>	
--	--

### 2.3.3 Kontortjenester

<b>Kontortjenester</b>	
DSS skal levere føremålstenelege og kostnadseffektive økonomitjenester og styringsinformasjon til Statsministerens kontor og departementa. I tillegg skal DSS tilby verkty og rådgjeving på innkjøpsområde, JobbPort og felles stillingsannonser og Depsak.	
<b>Resultatkrav</b>	<b>Rapportering</b>
<b>DepSak II – Ny løysing for elektronisk sakshandsaming</b>	
DSS skal tilby departementa eit nytt system for elektronisk sakshandsaming i 2009, som så langt det er mogleg byggjer på opne standardar. Det er sterkt ønskeleg frå FAD og Brukarrådet for DSS at departementa samlar seg om eit felles system som kan leggje til rette for ytterlegare elektronisk sakshandsaming mellom departementa.	Status skal rapporterast tertialt.
<b>E-reiseregning - Ny løysing for elektronisk sakshandsaming av reiserekningar</b>	
DSS skal tilby alle departementa ei løysing for elektronisk handsaming av reiserekningar som vil sikre effektiv ressursbruk. Løysinga må kunne integrerast mot eventuelle nye lønssystem.	Status skal rapporterast tertialt og framdrifta må sjåast i samanheng med trong for å erstatta lønssystemet Formula.
<b>Innkjøpstjenesta</b>	
DSS skal greie ut om nye verkty for	Rapporten skal oversendast

konkurransgjennomføring (KGV) kan erstatta dagens elektroniske støttesystem for innkjøp: EASS. Jf. KGV- rammeavtalar som DIFI har hand om.	departementet innan 01.10.2009.
Der det er føremålstenleg skal DSS ta initiativ og vere ein koordinerande aktør for å inngå felles rammeavtaler for heile eller deler av departementsfellesskapen.	DSS skal gje ein kort omtale av dette i årsrapporten.
I samband med det planlagde strategiarbeidet vil det verte høve til å vurdere Depkjøp si rolle overfor departementa.	Dette skal handsamast i strategi for fellestenester der DSS skal delta.
<b>Lønnssystemet Formula</b>	
DSS skal greie ut alternative løysingar for byte av lønssystemet Formula.	DSS si vurdering skal oversendast departementet innan 1. september 2009. Til eit nytt system er på plass, må DSS ha system som sikrar trygg drift av lønssystema og utbetalingane for alle tilsette som er omfatta av systemet.

### **2.3.4 Informasjonsforvaltning**

<b>Informasjonsforvaltning</b>	
Regjeringa.no skal vera regjeringa og departementa sin viktigaste informasjonskanal på nettet for kommunikasjon med innbyggjarane. DSS skal ut frå dette fremje ei vidareutvikling av regjeringa.no som gjer at portalen til ei kvar tid er kvalitativt god og funksjonell for målgruppene. I dette arbeidet skal DSS vera eit aktivt bindeledd ved å halde oppe eit godt samarbeid med dei departementsvise redaksjonane. DSS skal sjå til at dei ulike samarbeidsorgana fungerer slik at strategien jamt vert følgd opp. Konkrete tiltak skal vere godt forankra og avtalt med dei einskilde aktørane.	
<b>Resultatkrav</b>	<b>Rapportering</b>
<b>Web-området</b>	
DSS skal saman med FAD gjennomgå regjeringa.no med omsyn til strategi, vidareutvikling og organisering.	DSS tek initiativ til eit planleggingsmøte seinast medio februar 2009.
DSS skal følgje opp planen for å utvikle regjeringa.no vidare som ein interaktiv nettstad, og mellom anna introdusere "del med" funksjon og moglegheit for "nettmøte" innan sommaren 2009.	DSS skal orientere departementet fortløpande om eventuelle avvik frå framdriftsplanane.

DSS skal vidareutvikle lyd- og bildefunksjonar på regjeringa.no, samt Nett-TV	Status skal rapporterast tertialt.
DSS skal vidareutvikle felles interne webløysingar for departementa	Status skal rapporterast tertialt.

### 2.3.5 Fellestenester

<b>Fellestenester</b>	
DSS skal ivareta viktige fellesoppgåver som post, logistikk, distribusjon, reinhald og miljø i regjeringskvartalet. Dette tenesteområdet er sentralt i arbeidet for å medverke til minst mogleg klimabelastning.	
<b>Resultatkrav</b>	<b>Rapportering</b>
<b>Miljøsertifisering</b>	
DSS skal arbeide for miljøsertifisering av heile verksemda innan utgangen av 2010. Sertifiseringsordninga skal vere tilpassa verksemda sine oppgåver.	DSS skal orientere departementet om framdrifta innan 1. september 2009. Inntil DSS har fått ei sertifiseringsordning tilpassa alle tenesteområda må DSS òg rapportere i samsvar med Grøn stat, jf. vedlegg 3 Administrative føringar.
<b>Telefon- og videokonferansar</b>	
DSS skal gjennomføre offensive informasjonstiltak for å sikre auka bruk av telefon- og videokonferansar i departementa, under dette bevisstgjere på moglegheita til reduksjon av transportkostnader.	DSS skal gje ein kort omtale av dette i årsrapporten.
<b>Elektroniske møter</b>	
DSS skal leggje til rette for bruk av elektroniske møter , slik at departementa mellom anna kan redusere talet på reiser.	Status skal rapporterast tertialt.
<b>Betre kjeldesortering av avfall</b>	
DSS skal gjennomføre behovskartlegging og informasjonstiltak for å betre kjeldesorteringa i departementa. Vidare utvikle statistikkgrunnlaget vidare innan miljøområdet i DSS; under dette	Status skal rapporterast tertialt.



vidareutvikle statistikken vedrørende fraksjonar til kjeldesortering, papirforbruk, bruk av videokonferansar etc.	
<b>Miljøhandlingsplan</b>	
DSS skal revidere sin miljøhandlingsplan for 2009 som del av HMS- systemet	I løpet av 2009.
<b>Minske papirbruken</b>	
DSS skal legge om ordningane for abonnement av Regjeringa sine publikasjonar, slik at det vert lettare for brukarane å velje bort publikasjonar dei ikkje ønskjer å få tilsendt på papir.	Dette vil bli et eige prosjekt i 2009, og departementet vil komme tilbake til tidspunkt for oppstart.

### ***2.3.6 Det statlege servicesenteret i Engerdal***

Servicesenteret for departementa skal leggje til rette for pålitelege og kostnadseffektive tenester ved det statlege servicesenteret i Engerdal. Bedriftsøkonomisk er det framleis viktig at DSS arbeider for å utvide kundegrnlaget for verksemda.

Kundar skal få tilbod om å gjennomføre systematiske brukarundersøkingar, under dette måling av innringartilfredsheit. Jf. handsaming av dette på siste etatsstyringsmøte 2008. Departementet skal ha særskilt rapport om resultatane av desse undersøkingane.

### ***2.3.7 Brukarundersøkingar og referansemålingar***

DSS skal gjennomføre regelmessige, systematiske brukarundersøkingar. Verksemda vurderer sjølv kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Utforminga bør mellom anna sjåast i samanheng med korleis kontaktflata med departementa er organisert og strukturen for brukerfora . Plan for gjennomføring og resultat skal rapporterast i årsrapporten, og i samband med etatsstyringsmøta.

DSS skal vidareutvikle opplegg for systematiske referansemålingar på aktuelle tenesteområde og gjere styringsinformasjonen enklare og meir tilgjengeleg for brukarane.

Departementet viser til evalueringane som er gjennomførte i 2008. På bakgrunn av desse evalueringane skal DSS i 2009 utarbeide ein rapport til FAD med forslag til forenklingar og forbetringsspunkt. I tillegg skal DSS vurdere korleis ein kan nytte data frå både brukarundersøkingar og referansemålingar til å etablere styringsparametrar på bakgrunn av resultatane til dei einingar som vert undersøkte.

## 2.4 Administrative krav

<b>Administrative forhold – ny finansieringsmodell</b>	
DSS har gått over til større grad av løyingsfinansiering av tenestene. Registrering og oversikt over departementa sitt forbruk vil derfor i mindre grad vere basert på fakturering. For å oppretthalde oversikten skal DSS etablere eit registreringssystem for bruk av tenester.	
<b>Resultatkrav</b>	<b>Rapportering</b>
<b>Registreringssystem og prisstruktur</b>	
DSS skal etablere eit registreringssystem som fangar opp bruken av tenestene, medrekna relevante standardytingar og tilleggsytingar.	DSS skal rapportere om forbruket på desse tenestene i rapport pr. 1 tertial.
I samanheng med innføringa av den nye finansieringsmodellen frå januar 2009 skal DSS, i samråd med FAD, etablere ein ny prisstruktur for brukarbetalte tenester i samsvar med føresetnaden om rein kostnadsdekning.	Prosjektet skal vere ferdig ultimo mai 2009.
<b>Kompetansebygging</b>	
DSS skal bidra aktivt i det pågåande økonomiprojektet og styrkje økonomistyringa og saksframlegg i budsjettarbeidet.	Status skal rapporterast tertialt.

## 2.5 Risikovurderingar og intern kontroll

Ei god mål- og resultatstyring føreset at verksemdsleiinga kjenner til og aktivt handterer dei utfordringar eller den uvisse som kan påverke måloppnåinga negativt. Økonomiregelverket krev at alle verksemder skal etablere intern kontroll tilpassa risiko og prioritet, jf. pkt. 2.4 i føresegnene til Reglementet for økonomistyring i staten. Krava føreset at den interne kontrollen skal vere innebygd i den interne styringa av verksemda, og føremålet er å gjere det lettare å oppnå oppsette mål ved at risikoar vert identifiserte, og at risikoreduserande tiltak vert gjennomførte.

Verksemda skal oppfylle mål og resultatkrav i tildelingsbrevet, sørge for påliteleg rekneskapsrapportering og økonomiforvaltning, og ivareta tryggleik og beredskap. Departementet understrekar at det er verksemdsleiaren sitt ansvar å sjå til at den interne kontrollen er tilpassa risiko og prioritet og fungerer på ein tilfredsstillande måte.

Departementet føreset at verksemda gjer faste risikovurderingar av alle viktige styringsprosessar. Vesentlege endringar i risikobiletet må meldast til departementet i den etablerte styringsdialogen, i etatsstyringsmøte, tertialrapportar eller resultatrapportar. Større endringar i risikobiletet, som inneber problem med å oppnå måla, skal rapporterast til departementet omgåande. Tiltak som etaten set i verk for å redusere risiko, skal gjennomførast innanfor tildelte budsjетtrammer.

### **3. RAPPORTERING I 2009**

#### ***3.1 Utarbeiding av årsrapport for 2009***

Det skal sendast inn årsrapport for 2009 slik "Bestemmelsene om økonomistyring i staten", punkt 1.5.1 krev. Frist for oversending av årsrapporten for 2009 er medio februar 2010. Siste frist for oversending av årsrapporten for 2008 vert gjeven i det årlege rundskriv om innrapportering til den sentrale statsrekneskapen.

Departementet ber om at det i årsrapporten for 2009 vert gjort greie for:

Om verksemda har nått mål og resultatkrav som er sett i

- St.prp. nr.1 (2008-2009), tildelingsbrevet for 2009, samt andre relevante dokument.
- Rekneskaps- og budsjетtrappen.

#### ***3.2 Rapportering gjennom året***

Det skal sendast inn rapport for økonomistatus og resultat pr. tertial. Innhaldet i rapportane er nærare omtalt nedanfor.

Fristar for tertialrapporteringa i 2009:

- Rapport pr. 1. tertial: Frist 20. mai 2009
- Rapport pr. 2. tertial: Frist 21. september 2009

Vi ber om at rapportane vert sende elektronisk og på papir.

##### ***3.2.1 Økonomirapporteringa***

Det skal sendast inn tertialrapportar over budsjетt, rekneskap og forventa bruk. Vi ber om at avvik over 5 % vert kommentert, og at nødvendige tiltak vert omtalte. Tiltak for å halde rammene skal setjast i verk utan særskild oppmoding.

Økonomirapporten skal på postnivå innehalde omtale av:

- Disponibel løyving (Tildelte middel og eventuelle overføringar)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. fullmaktene verksemda har
- Periodisert budsjетt pr. tertial
- Rekneskap pr. tertial
- Forventa forbruk totalt i 2009

- Forventa meir-/mindreforbruk ved slutten av året

Det skal i tillegg lagast ei samla, oppdatert, framstilling av forventa resultat for året for alle postar (utgifter og inntekter) som er omfatta av meirinntektsfullmaktene.

Ved utrekning av forbruk/inntekt på kvar post bør føresetnader og usikre moment forklarast. Større avvik må forklarast særskilt.

### ***3.2.2 Resultatkrav og andre føringar***

Det skal rapporterast om verksemda har nått mål og resultatkrav som er sett i tildelingsbrevet. Dersom ein i løpet av året finn at det vil oppstå vesentlege avvik i forhold til resultatkrav og andre føringar, jf. pkt. ovafor, skal det orienterast om dette i rapporteringa. Det skal òg orienterast om tiltak som vil verte gjennomført.

### ***3.2.3 Rapportering til statsrekneskapen***

Jamleg rapportering til statsrekneskapen skal oppfylle krava i rundskriv R-10/2008 frå Finansdepartementet.

### ***3.3 Styringsdialogen i 2009***

FAD legg vekt på å utvikle styringsdialogen mellom leiinga i DSS og departementet. Det er planlagt tre styringsmøte med etaten i løpet av 2009.

Møtetidspunkt for etatsstyringsmøte:

- Fyrste møtetidspunkt: 19. mars. På møtet vert m.a. årsrapporten for 2008 drøfta
- Andre møtetidspunkt: 5. juni. På møtet vert m.a. 1. tertialrapport drøfta
- Tredje møtetidspunkt: 22. oktober. På møtet vert m.a. 2. tertialrapport drøfta

Tema knytt til strategi og budsjettarbeid vert og tekne opp på etatsstyringsmøta.

#### 4. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i DSS i 2009 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 21. april 2006.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten samt føringar gitt i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapitla 1522 og 4522 stilt til disposisjon for DSS.

Med helsing

  
Heidi Grande Røys

#### Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2009
2. Økonomistyringskalender 2009
3. Administrative føringar

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen og Brukarrådet for DSS